

Reinsnos

ODDADALEN OG BUERBREEN

For dei tidlege turistane må det ha vore ei landskapsoppleving av dei sjeldne å koma ned Oddadalen, med fossane og det is-grøne Sandvinvatnet, ned til fjordidyllen Odda.

Oddadalen er eit fosselandskap, skapt av breen; eit «jutulhogg» mellom Hardangervidda og Folgefonna. Seks fossar kan vi sjå frå riksvegen: Strandsfossen, Tjørnadalsfossen, Vidfoss, Låtefoss – som eigentleg er to fossar – og Espe-landsfossen. Vi passerer Hildalselvi som kjem ned Hildalsberget; eit fint fottur-alternativ går opp den gamle postvegen til Brekke. Ein annan attraktiv fottur er den restaurerte postvegen på vestsida av Sandvinvatnet.

BUERDALEN skjer seg inn mot vest frå Jordalsgrenda; ein grøn dal mellom stupbratte fjellsider. Inst i dalen ligg brefallet med is i sakte rørle. Den skummande grøne brelva gjev sjølv høgsommars frå seg ein kaldgufs. Dalen og breen vart tidleg oppdaga av turistane, og kring hundreårsskiftet vart dei frakta over vatnet av den vesle dampbåten «Buer», frå Vasstun til Jordal.

Låtefoss. Vegen på austsida av Sandvinvatnet vart opna i 1865.



Fjellgrenda Reinsnos ligg nærare 700 mob. inst ved Reinsnosvatnet; ein innfallsport til Hardangervidda.




Fjellgarden Øyna i Reinsnos.

Garden hørde under Halsnøy kloster og vart nemnd som «øde-jord» tidleg på 1600-talet. Livet var hardt her oppe under høgfjellet, men her er gode fiskevatn og fine fjellbeite. Opp mot fjellet Reinsnosa ligg «Nosastølen»; eit heilt stølstun i stein. Ein av dei gamle ferdslevegane austover, «Kongsbergvegen», går framom Reinsnos.

Ein annan ferdsleveg, som truleg går attende til mellomalderen, går frå Odda og vidare innover på vestsida av Sandvinvatnet. Eit spor etter mellomalderens *tjodveg*, ålmannavegen, frå Hardanger til Røldal, finn vi i *Tjodaminnet*, eit trangt pass ved Seljestadstølane. □



Slått ved Ljosavatnet kring 1960.



Buerbreen med brefallet.